



Arkivnr: 2019/685-13
Saksbehandlar: Roald Breistein

Saksframlegg

Saksgang

Utval	Saknr.	Møtedato
Kontrollutvalet		

Handlingsplan - Vurdering av ordning for finansiering av spesialundervisning i friskular

Bakgrunn for saka:

Fylkestinget gjorde slikt vedtak i sak PS 26/19 i møte 13.06.2019:

På bakgrunn av rapport om vurdering av finansiering av spesialundervisning i friskular ber fylkestinget fylkesrådmannen syta for å:

- 1. Sikre at berekning av «pott» til refusjon av kostnader til spesialundervisning ivaretek krav om likebehandling og krav om at berekninga av midlar til spesialundervisning skal vere relatert til talet elevar med spesialundervisning. I dette ligg det også at det må vurderast om måten å berekne «potten» på er den rette, då noverande berekningsmodell ikkje sikrar likebehandling.*
- 2. Utarbeide skriftlege retningslinjer og rutinar som skildrar modellen som blir nytta, prosessen med berekning av refusjon til skulane, eventuelle kompensierende tiltak mv.*
- 3. Å laga ein prioritert handlingsplan til kontrollutvalet innan 04.11.2019 som viser kva tiltak som skal setjast i verk for å følgja opp tilrådingane i rapporten, når tiltaka skal setjast i verk og kven som skal ha ansvaret for iverksettinga. Handlingsplanen må også innehalde korleis fylkesrådmannen vil syta for at tilrådingane vert teke omsyn til i arbeidet som pågår med etablering av Vestland fylkeskommune.*
- 4. Fylkesrådmannen gjer ei ny vurdering av innkomne krav for refusjon av utgifter til spesialundervisning i perioden frå fylkeskommunen endra modellen for refusjon av utgifter til spesialundervisning. Gjennomgangen skal gjerast med sikte på å eventuelt tilbakebetale manglande utgiftsdekning for friskolane.*

Drøfting:

Sekretariatet har motteke vedlagte notat dagsett 05.11.2019 frå fylkesrådmannen som inneheld handlingsplan for oppfølging av vurdering av ordning for finansiering av spesialundersvisning i friskular. Av notatet går fram at det er sett i gang fleire positive forbetningsprosessar for å bidra til forbetring på området.

Det går også fram av notatet at det meste av forbetningsarbeidet vil vera ferdig i løpet av første halvår 2020. Sekretariatet har også merka seg som positivt at oppfølginga er teke med og vurdert i arbeidet med å få på plass nye rutinar på dette området i Vestland fylkeskommune.

Vi meiner det er viktig å arbeide vidare med å få på plass gode rutinar når det gjeld ordning for finansiering av spesialundervisning i friskular i den nye fylkeskommunen. Det kan difor vera ein ide at fylkesrådmannen i Vestland fylkeskommune vert utfordra på å komme med tilbakemelding til kontrollutvalet i Vestland fylkeskommune innan 20.04.2020 på korleis desse forbetningspunkta er ivareteke i den nye fylkeskommunen.

Konklusjon:

På bakgrunn av det som går fram over, vert det tilrådd at kontrollutvalet ber fylkesrådmannen i Hordaland fylkeskommune arbeide vidare med forbetningspunkta som ein del av arbeidet med førebuinga til fylkessamanslåinga frå 01.01.2020.

Vidare vert det tilrådd at kontrollutvalet anmoder fylkesrådmannen i Vestland fylkeskommune, om å komme med tilbakemelding til kontrollutvalet i Vestland fylkeskommune innan 20.04.2020, på korleis forbetningspunkta etter vurdering av ordning for finansiering av spesialundervisning i friskular er ivareteke i den nye fylkeskommunen.

Forslag til vedtak

1. Kontrollutvalet ber fylkesrådmannen i Hordaland fylkeskommune arbeide vidare med forbetningspunkta etter vurdering av ordning for finansiering av spesialundervisning i friskular, som ein del av arbeidet med førebuinga til fylkessamanslåinga frå 01.01.2020.
2. Kontrollutvalet anmoder fylkesrådmannen i Vestland fylkeskommune, om å komme med tilbakemelding til kontrollutvalet i Vestland fylkeskommune innan 20.04.2020, på korleis forbetningspunkta etter vurdering av ordning for finansiering av spesialundervisning i friskular er ivareteke i den nye fylkeskommunen.

Hogne Haktorson
kontrollsjef

Roald Breistein
utvalgssekretær

Dokumentet er elektronisk godkjent og har derfor ikkje underskrift.

Vedlegg

- 1 Handlingsplan -vurdering av ordning for finansiering av spesialundervisning i friskular